

## Intercitymøte Herøy 8. mai 2017

Herøy Rotaryklubb inviterte denne mandagen naboklubbane i vårt rotary-distrikt - Ulstein, Hareid, Ørsta, Volda, Sykkylven og Stranda - til intercitymøte i Herøy – på Runde Miljøsentert. Til saman møtte 50 personar, av desse 27 medlemmer frå Herøy. Elles møtte medlemmer frå rotaryklubbane i Ulstein og i Hareid Stranda. Vi serverte kaffi og kakestykke i kafeen før møtet starta.

Presidenten ønska velkomen til Assisterande Distriktsguvernør Kjell Høydal, og til alle medlemmer og følgje frå naboklubbane og eigen klubb. Og han minte om at det var frigjeringsdagen-dagen 8. mai, ein dag som er grunn for å minnast i vårt område. Her var stor aktivitet under krigen med å sende rømlingar til Shetland og Skottland frå Ulsteinvik og frå Vårfjøs på Skorpa. Vårfjøs har i mange år vore vedlikehalds-prosjekt for Herøy RK.

Leiaren for Runde Miljøsentert (RM), Nils Roar Hareide, ulsteinvikar, heldt foredrag for oss. Han fortalte at RM i 2006 vart oppretta for å vere ein forsknings-stasjon. I dag er der 8-9 forskarar på RM og der er stor aktivitet med omsetning på 12 mill. NOK per år. På senteret er det også kafé, kontor, infosentert, laboratorier og 8 leiligheter, samt stort auditorium for førelesingar. Senteret er med si lokalisering spesielt retta mot forskningsaktivitetar i havet. Han nemnde "regnskogen" i havet har vi rett utanfor våre kystar. 2% av all fisk blir fødde rett utanfor Runde. Dette er eit av dei mest produktive havområda i verda. Gytebestanden av sild er i dag like stor som i 1950-åra. Og sei, torsk og hyse beitar på silderogna som ligg på botnen utanfor Runde. Det er 50.000 lundefuglar på Runde som i sesongen kjem inn til Lundeura med sil (=tobis) i nebbet. Sil er den viktigaste fisken for sjøfugl og også for torsk og hyse. Borgundfjorden er Norges viktigaste område for gyting av kyst-torsk.

Marine grunnkart har vorte prioritert i vårt område, med oppmålingar av djupne frå Giske til Stad. Desse karta har oppløysing 1m x 1m, medan normal kart-oppløysing er 50m x 50m. Også sediment-kartlegging er utført. RM har saman med Norges Geologiske Undersøkelse – NGU - teke prøver av sjøbotnen. Vi fekk sjå eksempel på dei marine grunnkart samanlikna med dei gamle sjøkart for Svinøya, Garnesvika, Lyngnesvika, Sulafjorden (Hafast), Åramsundet m.v. Eit nyleg utført oppdrag med utsleping av bøye for bølgekraftverk kunne gjennomførast i grunne farvatn med nøyaktig navigering ved å nytte det nye marine grunnkartet. I den seinare tid er det gjennomført målingar av m.a. land-topografi med fly, og "kopla" desse saman med dei marine grunnkarta. Slik oppnår ein "saumlaus" overgang mellom sjøbotn og land.

Glidarar er eit spennande område der Runde Miljøsentert står sentralt. Desse små farkostane, som veg 50-60 kg, blir sjøsette og sendt ut i havet frå Runde. Dei er programmerte på førehand kvar dei skal navigere, kor djupt dei skal gå (inntil 1000m), og når dei skal gå opp til overflata. Dei har sensorar og måle-instrument for innsamling av data som temperatur, saltinnhald m.m., og dei kan vere på tokt i 8-9 månader på eitt batteri og legge bak seg 7000 km! For glidarar samarbeidar RM med Universitetet i Bergen. RM samarbeider også med offshore-reiarlaga Havila og Olympic med bruk av ROVar for utforsking av havbotnen i utvalde områder, for eksempel Ormen Lange feltet. Dette ser Hareide som svært viktig.

Forskning av bølgekraftverk har vore utført i samarbeid med Runde Miljøsentert i fleire år. Mange erfaringar har vorte hausta i dette verharde området, og svake konstruksjonar har blitt avdekte. Såleis har ein lært av feil og har kunna forsterka konstruksjonane ved lokale verksemder. Den siste bølgekraft-bøya verkar som ei sykkel-pumpe, og er nyleg modifisert og forsterka. Hareide fortel at totalt er det brukt over 100 millionar kroner av eksterne investorar på å teste ut bølgekraftverk utanfor Runde.

Hareide viste oss bilde av korleis garn og tauverk i plast/nylon har blitt bygge-materialar for reir i fuglefjellet. Det gjorde inntrykk å sjå dette. Mykje av plast-ureininga kjem frå fiskebåtar og andre skip som

dumpar dette overbord, og det kjem gjerne med Golfstraumen frå farvatn langt frå Norge. Kvalen som gjekk til land med magen full av plast har også gjort stort inntrykk internasjonalt. No har styresmaktene stort fokus på dette problemet. På Runde Miljøsender er det såleis ei ny, stor utstilling av plast-gjenstandar som er funne på strendene i vårt område. Det er skuleklassar og born som har bygt opp mykje av utstillinga på RM, noko som viser engasjementet som har kome for å vinne kampen mot plast-forureining i havet.

Presidenten takka Nils Roar Hareide for eit engasjert og instruktivt foredrag, og overrekte blomster og ei skisse av Herøy Gard. Presidenten avrunda møtet, og ønskte alle god tur heim!

Etter møtet var det høve til å sjå samlingane som er på senteret, så som myntar og gjenstandar frå Akerendam-forliset og dei utstoppa fuglane av artane ein finn på Runde m.m.. Nils Roar Hareide var omvisar også her. Ei gruppe rotarymedlemer tok turen til Lunde-ura for å sjå lundene når dei kom inn frå havet. Desse fekk sjå god aktivitet i lunde-kolonien i høve til det ein kan forvente i hekke-tida. Trass i litt regn var det ein fin tur.

Rolf Arne (ref.)





Fiskerens som ofte i havoverflata er populært byggmateriale for til dømes havsuler som nyttar det til reiset sitt.

Spilger og andre artar som lev i havet er også utsatt for å bli skada av resteggen og kvekrakar som dei heklar seg fast i.

Fiskarane i Noreg samarbeider med Fiskeinspektoratet om å rapportere og rømme opp havbotnen for tapte garn. Kvart år vert det teke opp om lag 30 000 meter garn i norske farvann. Derom desse garna ikkje blir tatt opp, vil dei drepe mange tonn med fisk og skaldyr kvart år.

**ØYAR AV PLAST I HAVET**

I verdenshavet har vi vindlar som kallaast gryn. I desse øyane er det vind og vindkrafta som skapar desse øyane der plastavfall og anna resteggen samlast.

Ofte kan desse repareringane av plast vere avstilt 10 meter i djupna og med storleik på avstilt 500 000 kvadrat, så er det store mengder med plast i havet.

Det er ikkje alltid plasten i desse repareringane er synet for dei blotte auga, og mykje av plasten er mikroplast.

Leiderne i The Great Pacific Garbage Patch som viste at det var saka gjenfer mjar plast enn dyreparasjon.

Miljøkvinnen Charle Moore vart cysta av lynet som mutte han i The Great Pacific Garbage Patch i 1987. Ein fane full av spørsmål om plast, papir, aluminium og metall som ikkje kan bli gjeve tilbake.

**MIKROPLASTIKK**

MIKROPLAST finn du i heilt vanlege produkt som du brukar, til dømes tannkrem og skrubbekrem.

MIKROPLAST har ein storleik som gjer at det vert teken opp med ein gang i fordøyelsen til krepsdyr, ferskvannige smiddyr og fisk.

I Noreg reinn det store mengder mikroplastpartiklar ut i havet kvar einaste time.

Spjolv om havet er enorme, så er dei ikkje store nok til å ta imot forsofinga vår.

ENKLE TING DU KAN VERE MED PÅ